

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Stavanger HF 28.05.2026

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- MORTEN REYMERT, signert 28.05.2026 med ID-Porten: BankID
- AGNES LANDSTAD, signert 29.05.2026 med ID-Porten: BankID



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

PROTOKOLL

FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE STAVANGER HF

Torsdag 28. mai 2026 kl. 08.00 blei det halde føretaksmøte i Helse Stavanger HF. Møtet blei gjennomført digitalt.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Godkjenning av dagsorden
3. Forsterka arbeid for å bringe drift i tråd med budsjett

Frå Helse Vest RHF møte: Agnes Landstad, styreleiar

Frå styret møte: Morten Reymert, styreleiar
Ingrid Nordbø
Knut Vassbø
Ola Kvaløy
Ellen Ruud
Gaute Tyberø
Hilde Christiansen
Aud Apeland Mydland
Gunn Elin Rossland
Atle Døskeland
Mathias Nikolai Petersen Hella

Frå administrasjonen møte: Helle Schøyen, administrerende direktør

Også tilstades: Inger Cathrine Bryne, administrerende direktør Helse Vest RHF
Ivar Eriksen, eigardirektør Helse Vest RHF

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med helseføretakslova og riksrevisjonslova.



Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Agnes Landstad, med fullmakt til å utøve eigarmyndigheit på vegne av Helse Vest RHF etter helseføretakslova § 16, ønskte velkommen og spurde om det var merknadar til innkallinga.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Morten Reymert og Agnes Landstad blei valt til å underskrive protokollen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknadar til den utsende dagsorden. Det var ingen merknadar til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3 Forsterka arbeid for å bringe drift i tråd med budsjett

Styret i Helse Stavanger HF har mellom anna ansvar for å sjå til at helseføretaket driv verksemda i tråd med vedtatt budsjett og oppnår resultat i tråd resultatkrava stilt i oppdragsdokumentet.

Helse Stavanger HF har etter første tertial eit resultat på – 346 mill. kroner, eit budsjettert resultat på – 147 mill. kroner, som inneber at føretaket er 199 mill. kroner etter plan så langt i år. Avvika på kostnader er 182 mill. kroner, derav 133 mill. kroner er lønn. Dette indikerer at det er nødvendig med tilpassingar av kostnader for å betre den økonomiske utviklinga i Helse Stavanger HF.

Den økonomiske situasjonen er alvorleg, og det er avgjerande at føretaket snur den negative trenden og styrer mot budsjettert resultat. Konsekvensane av manglande resultatoppnåing kan vere at føretaket må utsette og redusere planlagde investeringar i åra som kjem.

Føretaksmøtet vedtok:

1. Føretaksmøtet ber styret i Helse Stavanger HF om å forsterke arbeidet med å bringe løpande drift i tråd med budsjett.
2. Helse Vest vil følgje utviklinga nøye. Helse Vest RHF vil gjennomføre to ekstraordinære styremøte i juli og august i år for å behandle økonomirapportering for juni og juli frå helseføretaka. Det vil i den samanheng bli sett egne og framskunda fristar for økonomirapportering for desse månadene.

Møtet var heva kl. 08.05.

Morten Reymert

Agnes Landstad

